



Til mottakarane

Dato: 30.05.2015  
Vår ref.: 2014/38-2  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## Høyring - Trygt heim-ordninga

Fylkeskommunen driv som kjend, innafor «Trygt heim»-konseptet, fast og sporadisk tilrettelagt nattransport for ungdom i samband med faste og sporadiske arrangement.

Administrasjonen er beden om å leggje fram ei ny evaluering av ordninga. Evalueringa skal mellom anna vurdere dagens organisering og sjå på høve for utviding til fleire kommunar.

Vi vil med dette invitere høyringspartane som har hatt faste eller sporadiske «Trygt heim-ruter» i sin kommune til å melde inn sine erfaringar med tilbodet, og kome med ei vurdering av tilbodet, mellom anna kva gjeld tiltaket si effekt på trafikktryggleik og ungdommen sine reisevaner heim frå seine arrangement o.l.

Vi vil invitere alle høyringspartane til å kome med mest mogleg konkrete og spesifiserte forslag til nye nattransportopplegg for ungdom i målgruppa 16-25 år, og forslag til organisering av opplegga. Forslaga må gjerne vere utforma i dialog med målgruppa. Kreative forslag er like velkomne som meir tradisjonelle forslag.

Innspel i denne høyringa vil danne grunnlag for vurdering av å setje opp nye «Trygt heim»-tilbod i fylkeskommunal regi, såfram det vert vedteke å vidareføre ordninga og innafor den budsjetttramma som i så fall vil vere til rådvelde.

Eventuelle innspel må sendast seinast 13. juli i år.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*